



Gamleskolen – blir den snart eldrekafe?

No er det på høg tid at ideen om å få til ein eldrekafe i gamleskolen blir realisert, meiner styret i Uskedalen Utvikling

Styret appellerar til alle som tykkjer at dette er ein god tanke om å ta kontakt slik at tiltaket kan koma i gang. Denne hausten må dette vera eit prioritert tiltak framfor andre, meiner styret.

Eit økonomisk fundament er allereie lagt, mellom anna ved utdelinga frå lokalbanken til allmennyttige føremål tidlegare i sommar og inntekter frå uskedalen.no.

For desse pengane kan det til dømes kjøpast inn møbler og anna utstyr, men også eldre møblar er velkomne hvis folk har noko til overs.

Styret er også på jakt etter viljuge samarbeidspartnarar og vonar at til dømes helselaget og skulen (sjuandeklassingane?) kan bli med på tiltaket.

- Vi vil gå forsiktig ut og kan tenkja oss opning laurdager frå 10 til 14 og sundagar frå 12 til 16, seier leiar Jeanette Guddal.

Telefon og mail til henne finn du til venstre på forsida i nettavisa.